

Pragmatiske analysar av *veit du* og *you know* i amerikansk

Åshild Søfteland

Høgskolen i Østfold

ashild.softeland@hiiof.no

Det finst fleire omfattande studiar av den pragmatiske markøren *you know* i engelsk (Östman 1981; Erman 1987; Schiffrin 1987), også i innlærarengelsk (Müller 2005; Buysse 2017). Derimot finst det ingen større studiar av den norske varianten *veit du* (men sjå Moquin & Salmons 2020; Borthen et al. 2021; Søfteland & Hjelde 2021). I amerikansk nedarvingspråk som dokumentert i *CANS – Corpus of American Nordic Speech* (Johannessen 2015), er begge variantar frekvente, og norsk *du veit* er også brukt:

- (1) ja det er ikke mange att som talar norsk *veit du* (Blair-07gm)
- (2) jeg lived her for *you know* fire-og-førti ee fire-og-seksti år (Fargo-02gm)
- (3) *du veit* nord i Minnesota her hvis du plukker blåbær så må du passe deg for bjørn kan komme og ete deg (Sunburg-03gm)

Östman (1981:17) skriv at talarar brukar *you know* nettopp når dei tenker at lyttaren *ikkje* veit, og vil signalisere eit ønske om samarbeid om tolking av ein proposisjon som gitt. Erman (1987:52) skriv at *you know* blir spesielt ofte brukt medan talaren leitar etter ord. Generelt blir det gjerne trekt fram at *you know* har både ansiktsbevarande og informasjonsstrukturerande funksjonar, og andrespråkstalarar av engelsk har i tidlegare studiar vist mindre bruk av *you know* med ansiktsbevarande funksjon (Buysse 2017:41). Moquin & Salmons (2020:315) analyserer *you know* (i engelsk) som «a plea for understanding» og *veit du* (i norsk) som «to insist on the truth of a statement», men at engelsk bruksmåte har spreidd seg til *veit du* i amerikansk.

I denne undersøkinga blir CANS-data analysert gjennom 9 ulike funksjonar frå Buysse (2017), bl.a. 'invitere til å trekke slutning av det som er sagt' (INF), 'lenke ein kommande proposisjon til føregåande diskurs' (PROP), 'sikre forståing av det som nettopp er sagt' (COMP), eller 'markere at redigering av eigen talestraum pågår' (EDIT).

Sjølv om amerikansk-talarane generelt leitar mykje etter ord, støttar ikkje dette materialet tidlegare funn om *you know* brukt som fyllord (EDIT) som mest høgfrekvent; det er gjennomgåande meir plausibelt med andre analysar. Nesten alle 9 funksjonar er i bruk, men INF og PROP – dei tydelegaste informasjonsstrukturerande funksjonane – er klart meir frekvent enn dei andre. Samtidig er ofte fleire funksjonar i spel på same tid, og det er vanskeleg å skilje informasjonsstrukturerande og ansiktsbevarande funksjonar frå kvarandre. Dei tospråklege CANS-informantane verkar dra nytte av moglegheita som både *you know* og *veit du* gir for begge delar samtidig, for å sikre kommunikasjonen i samtalene på arvespråket.

Referansar:

- Borthen, K., Søfteland, Å., Kveen, Perlaug M., Karagjosova, E. & Nøklestad, A. (2021). Finalpartiklar i norske talemål. Ei undersøking av variasjon knytt til geografi, alder og kjønn. *Maal og Minne*, 113(1), 1–63.
- Buysse, L. (2017). The pragmatic marker *you know* in learner Englishes. *Journal of Pragmatics*, 121, 40–57.
- Erman, B. (1987). *Pragmatic Expressions in English. A study of You know, You see and I mean in Face-to-face Conversation*. Stockholm: Almqvist & Wiksell International.

- Johannessen, J.B. (2015). The Corpus of American Norwegian Speech (CANS). I Megyesi (red.). *Proceedings of the 20th Nordic Conference of Computational Linguistics*.
- Moquin, L. & Salmons, J. (2020). American Norwegian discourse marking: Convergence, detachability, pragmatic change. I: Hagen, Hjelde, Stjernholm & Vangsnes (red.). *Bauta – Janne Bondi Johannessen in memoriam*, 303–318. Oslo Studies in Language.
- Müller, S. (2005). *Discourse markers in native and non-native English discourse*. Amsterdam/ Philadelphia: John Benjamins.
- Schiffrin, D. (1987). *Discourse markers*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Søfteland, Å. & Hjelde, A. (2021). «Ein må tenke seg om, ser du veit du, kva ord ein skal bruke.» Pragmatiske partiklar i amerikanorsk. I: Hagen, Kristoffersen, Vangsnes & Åfarli (red.). *Språk i arkiva. Ny forskning om eldre talemål frå LIA-prosjektet*, s. 295–320. Oslo: Novus.
- Östman, J.O. (1981). *'You Know': A discourse-functional study*. Amsterdam: John Benjamins.